

FORVALTNINGSREVISJON

FØREBYGGJANDE TILTAK RETTA MOT RISIKOUTSETTE BARN OG UNGE



TIME KOMMUNE
NOVEMBER 2019

INNHALD

Innhald	3
Samandrag	4
Rådmannen sin kommentar	7
Rapporten	9
1 Innleiing	10
1.1 Føremål og problemstillingar	10
1.2 Revisjonskriterier og metode.....	10
2 Fakta og vurderingar	11
2.1 Kriminalitetsutviklinga	11
2.2 Kommunen si kartlegging	18
2.3 Utvalde resultat frå systematiske spørjeundersøkingar	22
2.4 Skulanes arbeid overfor risikoutsette elevar	31
2.5 Særskilt om barnevernet og familiesenteret	33
2.6 Oppretting av ansvarsgrupper og utpeiking av koordinator	40
Vedlegg	43

SAMANDRAG

OPPDRAGET

Føremålet med prosjektet har vore å vurdere kommunens oppfølging av risikoutsette barn og unge, med spesiell merksemd retta mot aldersgruppa 12-18 år.

HOVUDFUNN:

- I motsetnad til fleire andre kommunar, som til dømes Stavanger og Sola, har Time vald å ikkje oppretta nokon oppsøkande miljøteneste som skal kartleggja, hjelpa og rettleia barn og unge i kommunen.
- Men Time kommune er kjenneteikna av eit tett tverrfagleg samarbeid både internt og eksternt, og er raske til å etablera mellombelse prosjektgrupper der det er naudsynt.
- Eit viktig tiltak for å få kjennskap til barn og unge sitt oppvekstmiljø er gjennomføring av systematiske spørjeundersøkingar. Blant desse finn vi Ungdata-, Olweus- og Elevundersøkinga.
- Eit viktig funn frå Ungdata-undersøkingane er ei auke i talet på unge einsame. I tillegg syner tal frå barnevernet i Time diverre óg ei auke i talet på bekymringsmeldingar knytt til barnet si psykiske helse.
- Ut i frå politiet og barnevernet sin statistikk kan vi sjå ei auke i talet på rusrelaterte saker blant barn og unge. Men denne utviklinga kan i stor grad tilskrivast Nærpolitireforma som vart innført i 2018. Med Nærpolitireforma har politiet gjeve førebygging og kriminalitet blant barn og unge auka prioritet.

KRIMINALITETSUTVIKLINGA

Med innføringa av Nærpolitireforma i 2018 er det no fleire i politiet som jobbar med førebyggjande tiltak samanlikna med tidlegare. Og for å sikra eit godt tverrfagleg samarbeid i dette arbeidet, har alle kommunar har fått utnemnd ein fast politikontakt.

I prosjektet har vi henta inn tal frå politiet for sjå nærare på kriminalitetsutviklinga blant barn og unge. Desse tala syner fyrst og fremst ei auke i talet på narkotikasaker, noko som i stor grad kan tilskrivast auka prioritet og innsats frå politiet. Men utviklinga kan òg vere eit symptom på ei samfunnsutvikling der rusmidlar blir stadig lettare tilgjengeleg.

Sidan 2015 har Time kommune hatt tilbod om alternative straffereaksjonar/ungdomsoppfølging. Blant dei sakene der gjerningspersonen er under 18 år, fortel politiet at dei

fyrst og fremst nyttar alternative straffereaksjonar, for å gjera det mogleg for gjerningspersonen å gjera opp for seg utan at ugjeringa hamnar på rullebladet. I praksis er det difor berre dei mest alvorlege sakene som hamnar retten. Tal frå politiet syner at sidan 2013 har talet på domfelte ungdomar i alderen 15-17 år gått ned i Time.

KOMMUNENS KARTLEGGING

Som nemnd har Time vald å ikkje oppretta nokon oppsøkande miljøteneste, som kan arbeida med å kartleggja, hjelpa og rettleia barn og unge. Men kommunen har etablert ei rekke tiltak som skal gje god oversikt over oppvekstmiljøet i Time. Dei viktigaste er gjennomføring av systematiske spørjeundersøkingar, og tverrfagleg samarbeid på fleire arenaer.

Eit døme på sistnemnde er kommunen sitt SLT-arbeidsutval. I dette utvalet vert både systemmessige og strukturelle utfordringar, i tillegg til enkeltsaker, diskutert. Men frå dei vi har intervjuet i prosjektet, vert det meldt om at rutinane for innhenting av samtykke i dette utvalet kan bli betre. Fyrst og fremst handlar dette om å tydeleggjera i kva tilfelle samtykke vil vere aktuelt, men òg at ein faktisk gjer ein større innsats for at samtykke vert henta inn. I dei fleste sakene vil det vere behov for samtykke både frå den det gjeld og/eller frå føresette, for å sikra betre informasjonsflyt og såleis meir presise tiltak.

UTVALDE RESULTAT FRÅ SPØRJEUNDERSØKINGAR

I prosjektet har vi sett nærare på resultat frå dei tre spørjeundersøkingane Olweus-, Ungata- og Elevundersøkinga, og for dei to sist nemnde, er det mogleg å gjera samanlikningar med andre kommunar. Våre analyser syner at Time kjem godt ut både når det gjeld rusbruk, vald, mobbing, og psykisk helse. Verdt å merke seg er likevel ei relativt stor auke i prosentdelen unge som opplever einsemd og depressive symptom. Dette er elles ei utvikling som òg gjer seg gjeldande i mange andre kommunar.

SKULANE SITT ARBEID OVERFOR RISIKOUTSETTE ELEVAR

Skulane har fleire gode tiltak for å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø. Respondentane vi har intervjuet melder om eit godt samarbeid internt i kommunen, og dei seier seg svært nøgde med kommunen sitt val om å delta i Olweus-programmet. Dette er eit program som sikrar gode rutinar og kunnskapar om barn og unge sitt lærings- og oppvekstmiljø. Mellom anna vert det stilt krav om konkrete tiltak dersom ein elev vert mobba. Etter ei nyleg endring av opplæringslova har utarbeiding av tiltak i mobbesaker blitt lovfesta, men på grunn av Olweus-programmet har dette vore praksis i Time i fleire år allereie.

SÆRSKILT OM BARNEVERNET OG FAMILIESENTERET

I prosjektet har vi bedt barneverntenesta om ei oversikt over mottatte bekymringsmeldingar, sortert etter hovudårsak til at meldinga vart sendt. Oversikta syner ei auke i talet på meldingar knytt til barnets psykiske helse og rusmiddelbruk. Dette er ei utvikling som stiller auka krav til kompetanse innanfor desse områda, ikkje berre for barnevernet, men òg for andre instansar i kommunen sitt tenesteapparat.

Tal frå KOSTRA/Statistisk sentralbyrå syner at prosentdelen barn med tiltak frå barnevernet er noko lågare i Time, samanlikna med snittet i landet. Det desse tala seier oss, er at terskelen for å sette inn tiltak frå barnevernet er noko høgare enn i mange andre kommunar. Ei nærliggjande forklaring kan vere kommunen sitt val om å oppretta eit lågterskeltilbod som Familiesenteret. Dette er eit ikkje-lovpålagt lågterskeltilbod som rettar seg mot familiar med barn 0-18 år. Barneverntenesta i Time fortel at de samarbeider tett med dette senteret, og at barnevernet av denne grunn har få «lette saker», fordi desse vert følgde opp av andre instansar.

OPPRETTING AV ANSVARSGRUPPER OG UTPEIKING AV KOORDINATOR

Dei representantane for kommunen sitt tenesteapparat vi har intervjuet seier seg nøgde med kommunen sin praksis for oppretting av ansvarsgrupper og utpeiking av koordinator. For å sikra koordinerte og heilskaplege tenester, vil Time kommune frå hausten 2020 organisera sitt arbeid i tråd med BTI-modellen. Dette er ein modell som legg vekt på tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering.

SAMARBEID MED NABOKOMMUNAR

Gjennom SLT-nettverket har Time eit tett samarbeid med sine nabokommunar. Nettverket består i dag av 16 kommunar, og her møtast representantar frå kommunane for å diskutera ulike tema. I tillegg vert det oppretta arbeidsgrupper som skal samarbeida om ulike prosjekt.

VÅR ANBEFALING

- Vi anbefaler kommunen å vurdere korleis rutinane for innhenting av samtykke i kommunens SLT-arbeidsutval kan betrast.

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

(Kommentar frå Rådmannen 14.11.2019):

Rådmannen er av den vurdering at rapporten svarer godt på oppdraget. Rapporten gir samlet sett et positivt bilde av det arbeidet Time kommune gjør overfor risikoutsatte barn og unge.

Rådmannen vil særlig fremheve ett av hovedfunnene som sier Time kommune er kjennetegnet av tett tverrfaglig samarbeid både internt og eksternt, og at kommunen er raske til å etablere midlertidige prosjektgrupper der det trengs. Dette er en kjent utfordring for de fleste kommunene i Norge og rådmannen er fornøyd med at Time kommune etter målrettet arbeid på området får denne tilbakemeldingen.

Rådmannen mener Strategiplan oppvekst 2016 -2022 har vært og fortsatt vil være viktig i dette arbeidet. To av planens fem satsingsområder er relevante i forståelsen av funnene i denne rapporten. Det ene er «oppvekst i utvikling» og nødvendigheten av å utvikle og tilpasse tjenestene etter de behov våre barn og unge til enhver tid har. Dette kan kanskje være en medvirkende årsak til hvorfor det raskt etableres tiltak og prosjekter der det trengs. Det andre satsingsområdet er «Tidlig innsats». Her er bl.a. tverrfaglig innsats valgt som en strategi for å lykkes med tidlig innsats.

Når det gjelder det første hovedfunnet, om at Time kommune har valgt å ikke opprette noen oppsøkende miljøtjeneste som skal kartlegge, hjelpe og veilede barn og unge i Time, så er dette delvis riktig. Time kommune har to ansatte i omsorg som arbeider oppsøkende i aldersgruppen 16-20 år. Våre evalueringer av dette tiltaket viste at en likevel ikke klarte å fange opp ungdommene, de mellom 16-20 år.

Evalueringen som ble gjort i 2017, avdekket noen mangler og et behov for å se grundigere på hvordan en skal tenke tiltak for unge med psykisk helse og rusutfordringer. Det var bl.a. bakgrunnen for at kommunen i 2018 søkte og fikk innvilget prosjektmidler fra fylkesmannen. Dette prosjektet er i gang og det har i arbeidet kommet forslag om nye måter å bruke og organisere eksisterende ressurser, samt forslag om nye tiltak som kan bedre arbeidet overfor risikoutsatte barn og unge med rus og psykisk helse utfordringer.

Rådmannen registrerer at det i rapporten løftes frem som mangelfullt at Time kommune ikke har valgt samme modell for dette arbeidet som Sola og Stavanger. Rådmannen mener det er ulike måter å organisere tiltak og tjenester på og at Time kommune må finne tiltak tilpasset våre barn og unge sine behov og våre ressurser.

Rådmannen vil trekke frem det universelle, gjerne kalt det generelle forebyggende fokuset, som er på tidlig innsats området i Time kommune. Dette tas ikke inn i revisjonsrapporten, men er en satsing i Time kommune. Forskning viser at universelle tiltak over tid vil redusere andelen risikoutsatte barn og unge. Det er ressurskrevende å få til en slik dreining av innsatsen fordi en som kommune må gjøre begge deler samtidig.

Det universelle fokuset ligger til grunn for folkehelse tiltakene sin vektning inn i økonomiplanen. Det er også dette som er basis i prosjektet kalt Laget rundt læreren og eleven. Laget rundt læreren og eleven mottar 6.9 millioner kroner i statlig støtte – folkehelsemidler over en periode på 4 år. Prosjektet har nasjonal interesse og det knyttes forskning til prosjektet.

Rådmannen mener oppsummert at revisjonsrapporten viser at det gjøres mye godt arbeid i Time kommune overfor risikoutsatte barn og unge. De prosjekter og det utviklingsarbeidet som pågår bør ta inn de funn som gjøres i revisjonsrapporten og nytte dette som del av det totale kunnskapsgrunnlaget i den pågående utviklingen av tidlig innsats arbeidet i kommunen.

RAPPORTEN

1 INNLEIING

1.1 FØREMÅL OG PROBLEMSTILLINGAR

Føremålet med prosjektet har vore å vurdera kommunen sin oppfølging av risikoutsette barn og unge, med særskild merksemd retta mot aldersgruppa 12-18 år. Mandatet for prosjektet vart vedteke av kontrollutvalet i møte 26.11.2018. I tillegg til føremålet, inneheld kontrollutvalet sin bestilling følgjande problemstillingar:

- Korleis arbeider kommunen for å danna seg eit bilete av situasjonen blant risikoutsette barn og unge?
- Kva for tiltak og tenester har Time kommune til risikoutsette barn og unge?
- Korleis fungerer dagens tenester/tiltak?
- Er tenestetilbodet til kommunen tilstrekkeleg for å møta dagens utfordringar?
- Korleis fungerer samordning og koordinering mellom ulike instansar som er involvert i arbeidet, til dømes samarbeidet med nabokommunar?
- Når og korleis vert ansvarsgrupper oppretta?

1.2 REVISJONSKRITERIER OG METODE

1.2.1 GENERELT OM RAPPORTENS REVISJONSKRITERIER

Funn som er avdekka er vurdert opp mot krav utleia av autoritative kjelder innanfor området, nærare bestemt lovreglar og politiske vedtak. I dette prosjektet har vi brukt følgjande kjelder (kva krav desse stiller til kommunen er skildra i rapporten):

- Opplæringslova kapittel 9a
- Barnevernlova § 3-1
- Relevante kommunale styringsdokument;
 - Kommuneplan (2015-27)
 - Strategiplan for oppvekst (2016-22)

1.2.2 METODE

I prosjektet har vi brukt ulike metodar, som intervju og samanlikningar (mot seg sjølve over tid og mot andre kommunar). Vi har intervjuar representantar frå ulike delar av kommunen og politiet. I tillegg har vi trekt vekslar på tilsvarande prosjekt i Stavanger og Sola kommune. For meir informasjon, sjå vedleggsdel.

2 FAKTA OG VURDERINGAR

2.1 KRIMINALITETSUTVIKLINGA

2.1.1 UTVIKLINGA BLANT BARN OG UNGE UNDER 18 ÅR

Før vi går nærare inn på korleis Time kommune arbeider for å førebyggja valds- og rusproblematikk, vil vi presentere nokre tal på kriminalitetsutviklinga blant barn og unge.

Både førebygging og kriminalitet blant barn og unge har fått auka prioritet hos politiet. Med innføringa av Nærpolitireforma i 2018 er det no fleire i politiet som jobbar med førebyggjande arbeid, samanlikna med tidlegare, og alle kommunar har fått utnemnd ein fast politikontakt.

Ei kartlegging av barne- og ungdomskriminaliteten i Sør-Vest politidistrikt i 2018 avdekka ei auka i talet på kriminelle handlingar blant barn og unge, etter fleire år med nedgang¹. I Sør-Vest politidistrikt, som består av 32 kommunar, er det spesielt innanfor kriminalitetstypene vinning, narkotika, skadeverk og vald ein kan sjå den største auken².

Statistikken til politiet syner tal på registrerte saker, og bak tala finn vi personar som har status som sikta, mistenkt eller domfelt. Frå politiet har vi henta inn tal på saker knytt til personar under 18 år, avgrensa til kriminalitetstypene narkotika, vald, vinning og skadeverk. I tillegg til tal for Time kommune har vi henta inn tal frå eit knippe nabokommunar, for å kunne gjera samanlikningar, men òg for å sjå på nærare på utviklinga over tid. Dette er tal som dannar eit bakteppe for kommunen sitt arbeid for å hindra utvikling av valds- og rusproblematikk blant barn og unge.

Samstundes må vi vere klar over at politiet sine eigne prioriteringar på ulike tidspunkt vil påverka tala. Særleg gjeld dette i talet på narkotikasaker, sidan om lag 90 prosent av desse sakene verdt melde av politiet sjølve. Og tala i figurane nedanfor må sjølvsagt òg vurderast i lys av talet på ungdommar i den enkelte kommune. Per 01.01.2019 er talet på ungdomar frå og med 12 år, til og med 17 år, som følgjer:

- Sola: 2018
- Klepp: 1625
- Hå: 1541
- Time: 1451
- Gjesdal: 962


¹ Kjelde: «En kartlegging av Barne- og ungdomskriminaliteten i Sør-Vest politidistrikt våren 2018» (Sør-Vest politidistrikt, 2018), og «Kartlegging av barne- og ungdomskriminaliteten i Stavanger kommune» (Sør-Vest politidistrikt/Stavanger kommune, 2019).

² Sør-Vest politidistrikt består av eit geografisk område frå Moi og Lund i sør, til Bømlo og Fitjar i nord, Sirdal og Suldal i øst og Utsira i Vest. Til saman 32 kommunar, kor dei fleste er i Rogaland fylke, fem i Hordaland og én i Vest-Agder

Vidare er det verd å merka seg at tala for 2019 i figurane berre er til og med 30.06.2019, og små tal gjev som kjent store variasjonar. For å kunne sjå nærare på den historiske utviklinga har vi henta inn tal tilbake til 2008.

Figur 1 – Tal på saker knytt til narkotika, der gjerningspersonen er under 18 år. Fordelt på kommune der handlinga har funne stad.


(Bruk av narkotika, oppbevaring og doping. Brot på § 24 i legemiddelova. Kilde: Sør Vest politidistrikt. *Tal for 2019 er berre for perioden 01.01.2019 til 30.06.2019).



Kommentar og vurdering: Årene 2014, 2017 og -18 peikar seg ut med relativt høge tal på saker som omhandlar narkotika i Time. Med sju saker halvtøvegs ut i 2019, kan det tenkjast at talet vert høgt ved slutten av året. Som vi skal sjå i eit seinare kapittel, har barnevernet i Time opplevd ein auke i talet på barn og unge involvert i rusproblematikk.

Figur 2 – Tal på saker knytt til vald, kor gjerningspersonen er under 18 år. Fordelt på kommune der handlinga har funne stad.


(Vald mot offentlig tenestemann, fridomsrøving, truslar, kroppskrenkingar og kroppsskade. Brot på § 2-71, 2-71, 2-73 og 2-74 og -75 i straffelova. Kjelde: Sør Vest politidistrikt. *Tal for 2019 er berre for perioden 01.01.2019 til 30.06.2019).



Kommentar og vurdering: I følge politiet vil dei ulike kriminalitetstypene ofte henga saman med kvarandre. Ofte vil terskelen for å bruka vald vere lågare i tilfelle kor rus er ein del av biletet. Dersom vi tek ein nærmare titt på tala for Time, er det ikkje mogleg å finna nokon samanheng her, men det vi kan sjå, er at samanlikna med toppåret 2009, har talet på valdssaker gått ned.

Figur 3 – Tal på saker knytt til skadeverk, kor gjerningspersonen er under 18 år. Fordelt på kommune der handlinga har funne stad.


(Skadeverk på bygning, fremkalling av fare for brann (tenne på). Knusing, ramponering og tagging. Brudd på straffelovens § 291. Kilde: Sør Vest politidistrikt. *Tala for 2019 er kun for perioden 01.01.2019 til 30.06.2019).



Kommentar og vurdering: På same måte som med valdssakene, kan vi sjå at talet på saker som handlar om skadeverk har gått noko ned i Time. Frå 2017 til -18 har alle desse kommunane hatt ein nedgang.

Figur 4 – Tal på saker knytt til vinning, kor gjerningspersonen er under 18 år. Fordelt på kommune der handlinga har funne stad.

(Tjuveri, innbrot, naskeri, underslag, ran, utpressing, heleri og kvitvasking. Brot på § 321-335 i straffelova. Kjelde: Sør Vest politidistrikt. *Tal for 2019 er berre for perioden 01.01.2019 til 30.06.2019).



Kommentar og vurdering: Etter ein nedgang i 2018, er talet på saker med Time som gjerningsstad igjen på veg opp. Talet på saker som gjeld vinningskriminalitet speglar i stor grad vektarane og butikkane sin innsats, prioriteringar og tersklar for å melda nasking og tjuveri.

2.1.2 TALET PÅ DOMFELTE

I Noreg er som kjent den kriminelle lågaldern 15 år. For ungdom under 18 år kan politiet setja opp ein ungdomskontrakt, der vedkommande forpliktar seg til å overhalda ein del vilkår i ein periode på til dømes to år. Vilkår som kan vere aktuelle er å

- fortsetja på skulen,
- skaffa seg jobb,
- delta i rusavvenningsprogram
- andre aktivitetar som kan vere til hjelp for ungdommen


Ein slik kontrakt vert gjerne brukt for dei mellom 15 og 17 år som er på veg inn i ein livsstil prega av lovbrøt, og føremålet er fyrst og fremst hjelp til å endra kurs. Blant dei mest brukte alternative straffereaksjonane finn vi:

- **Påtaleunnlating med vilkår** - Her vart det lagt opp til eit løp kor vedkommande i saman med føresette vert pålagt å gå til jevnlege samtaler, til dømes hos kommunen sitt Familiesenter.
- **Ungdomsoppfølging og ungdomsstraff** - Her skjer oppfølginga i regi av Konfliktrådet, i tillegg til at det vert oppretta eit tverretatleg team, som òg innbefattar Familiesenteret, og føresette. Vilkåra i oppfølginga vert skreve ned i ein plan.

I prosjektet har vi bedt om statistikk over talet på domfelte under 18 år, avgrensa til handlingar som har funne stad innanfor Time kommune sine geografiske grenser. Politiet brukar ikkje omgrepet «domfelt» i sin statistikk, men har tal på «positive straffereaksjonar registrert i aldersgruppa 15-17 år». (Døme på kva som ligg i omgrepet «positiv straffereaksjon» er lagt i rapporten sin vedleggsdel). Merk at talet for 2019 er for perioden 01.01.2019 til 30.06.2019, og omfattar berre kriminalitetstypane narkotika, vald, skadeverk og vinning. Det er òg viktig å vere klar over at tala knyter seg til Time som gjeringsstad, og ikkje ungdommane sin bustadkommune;

Figur 5 – Tal på ungdommar 15-17 år som er registrert hos politiet med ein «positiv straffereaksjon». Fordelt på kommune der handlinga har funne stad.

(Kilde: Sør Vest politidistrikt. *Tal for 2019 er kun for perioden 01.01.2019 til 30.06.2019)



Kommentar og vurdering: Etter ein topp i 2013, har talet på ungdommar registrert med ein positiv straffereaksjon gått ned i Time.

Time kommune har hatt tilbod om alternative straffereaksjonar/ungdomsoppfølging sidan 2015. Blant dei sakene som vert meldt der gjerningsperson er under 18 år, fortel politiet at dei fyrst og fremst nyttar alternative straffereaksjonar, slik at det skal vere mogleg for gjerningspersonen å gjera opp for seg utan at ugjerninga hamnar på rullebladet. I praksis er det difor berre dei mest alvorlege sakene som hamnar retten.


Time kommune har tilsett ein ungdomsoppføljar tilhøyrande helsestasjonen i ein 30% stilling som følgjer opp ungdommane. Eigne undersøkingar viser at kontraktane har ønska effekt då 9/10 ungdommar ikkje har begått ny kriminalitet 1 år etter utgått kontrakt.

2.1.3 TALET PÅ UNGE UNDER DEN KRIMINELLE LÅGALDER

Personar under 15 år er som nemnd ikkje strafferettsleg ansvarlege, men dei som utfører kriminelle handlingar har behov for oppfølging. I prosjektet har vi henta inn tal på registrerte i Time og nokre nabokommunar:

Figur 6 – Tal på registrerte saker kor gjerningsmannen er under 15 år, fordelt på kommune der handlinga har funne stad.

(Kjelde: Sør Vest politidistrikt. *Tal for 2019 er berre for perioden 01.01.2019 til 30.06.2019).



Kommentar og vurdering: Ved å avgrensa aldersgruppa til dei under 15 år, syner statistikken store variasjonar frå år til år, sidan dette er relativt små kommunar. Likevel er det mogleg å seie at utviklinga ikkje går i negativ retning, samanlikna med tidlegare år. Merk elles at tala for 2019 berre er fram til 30. juni.

Politiet fortel at dei i desse sakene kallar barna inn til eit avhøyr/bekymringsamtale saman med føresette. Tema for samtalen vil vere sjølve hendinga og kva som er politiet sin bekymring, og merksemda vert retta mot korleis ein kan unngå ei slik hending i framtida. Ved behov, vil òg kommunen gje tilbod om frivillige samtaler. Er det tale om barn under 18 år som rusar seg, vert alltid barnevernet kobla inn.

2.1.4 VÅR VURDERING AV KRIMINALITETSUTVIKLINGA

Dersom vi ser nærare på kriminalitetsutviklinga blant barn og unge tilbake til 2008, er det fyrst og fremst utviklinga i talet på registrerte narkotikasaker som gjev grunn til bekymring. Før vi går nærare inn på kommunen sitt førebyggjande arbeid, må vi ha i mente at auka innsats frå politiet kan ha gjeve sitt bidrag til at tala i statistikken er på veg opp. Men som vi skal sjå nærare på i eit eige kapittel, synast denne negative utviklinga å samsvare med statistikken til barnevernet.

2.2 KOMMUNEN SI KARTLEGGING

2.2.1 REVISJONSKRITERIER

I Kommuneplan (2015-27) vert det slått fast at «det er viktig å prioritera tidleg innsats i barnehage, skule og fritid overfor barn og unge som er i ferd med å falla på sida av samfunnet (..) Kommunen ønskjer å ha pedagogisk kompetanse i barnehage og skule, gode system og rutinar for å identifisera behov, og tverrfagleg samarbeid». Vidare kan vi lese at kommunen skal:

- Ha kompetanse og tiltak for å ivareta barn og unge som står i fare for å utvikla helseskadar og sosiale vanskar.
- Bruka tilgjengeleg statistikk og forskning som kunnskapsgrunnlag for prioriteringar og tiltak.
- Arbeida systematisk for å sikra barn og unge god fysisk og psykisk helse.

I høve til Strategiplan for oppvekst 2016-22 ynskjer kommunen å arbeida systematisk ut frå kunnskap og forskning innan alle fagområde. Ut frå desse føringane har vi utleia følgjande revisjonskriterium (krav eller forventning til arbeidet til kommunen):


- Kommunen skal arbeida aktivt for å danna seg eit bilete av situasjonen blant barn og unge i Time.

2.2.2 MANGE INSTANSAR INVOLVERT

I arbeidet med å danna seg ei oversikt over situasjonen blant barn og unge i Time er mange instansar involvert, både interne og eksterne. Blant dei kommunale instansane finn vi:

- Grunnskulane
- Barnevernet
- SLT-koordinator
- Kommunens fritidsklubbar
- PP-tenesta
- Helsetenesta
- Den kommunale delen av NAV

Figur 7 – Organisering av Time kommune (Kjelde: Time kommune)



Kommentar: De fleste instansane som arbeidar for å sikra barn og unge eit godt oppvekstmiljø er organisert under Oppvekst. Hjelpemiddelapparatet til kommunen er i hovudsak basert på samtykke frå dei det gjeld og pårørande.

I motsetnad til fleire andre kommunar, som til dømes Stavanger og Sola, har Time ikkje oppretta nokon oppsøkande miljøteneste som skal arbeida førebyggjande blant barn og ungdom. Kommunen har likevel tilsette som jobbar «i felten», til dømes tilsette ved fritidsklubbane, og er raske til å etablera mellombelse prosjektgrupper der det er naudsynt. I tillegg har kommunen lågterskeltilbodene Helsestasjon for ungdom og Familiesenteret³. Kommunen har òg sett inn ekstra ressursar for å betre dekninga av helsesjukepleiarar på fleire skular.

Blant eksterne samarbeidspartnarar finn vi mellom anna:

- Natteravnane, der ansvaret for å følgja opp ordninga er lagt til Oppvekst
- Dei fylkeskommunale vidaregåande skulane
- Den fylkeskommunale oppfølgingstenesta
- Den statlege delen av NAV: Målet for mange unge i denne målgruppa er å skaffa seg arbeidserfaring, med lærlingeplass eller jobb på sikt.
- Politiet
- Konfliktrådet: Dette er ei statleg teneste som tilbyr mekling som metode for å finna løysingar i straffesaker og sivile saker. Konfliktrådet tilbyr mekling i saker som gjeld lovbrøt eller mellommenneskelege konflikhtar.
- Spesialisthelsetenesta, inkludert Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)
- Frivillige organisasjonar og idrettslag.
- Den norske kyrkja
- Statens barnehus, som har som målgruppe barn og unge, der det finst mistanke om vald eller seksuelle overgrep.
- Nabokommunar

2.2.3 SLT-KOMMUNEN TIME

I Strategiplan oppvekst 2017-2022 kan vi lese at kommunen opererer med tre typar tiltak i arbeidet med førebygging og tidleg innsats;

- **Universelle tiltak** retta mot alle barn og føresette. Dette er helsefremmande/ helseførebyggjande tiltak for å skape glede og trivsel. Innsatsen vert spesielt retta mot dei første leveårene, for å få størst effekt.

³ Tilsette frå Familiesenteret jobbar mellom anna med oppfølging av unge under påtale.

- **Selektive tiltak** handlar om målretta arbeid for å hindra at enkeltpersonar eller grupper i faresona skal vidareutvikla problem, og gjeld barn og føresette i risiko eller med byrjande vanskar.
- **Spesifikke tiltak** handlar om målretta og systematisk innsats overfor enkeltpersonar eller grupper med allereie kjende problem. I desse sakene er det viktig å mobilisera nettverk, sikra samordna tenester og sjå nærare på familiens ressurar. Målet kan vere betring eller å hindra ytterlegare forverring/tilbakefall.

Som SLT-kommune (Samordning av Lokale kriminalitetsførebyggjande Tiltak) har Time etablert fleire tverrfaglege samarbeidsarenaer for å avdekka bekymringar i ungdomsmiljøa, og for å sikra at tiltak blir sett inn raskt. Her handlar det om å setja i verk både universelle, selektive og spesifikke tiltak. Døme på slike tverrfaglege samarbeidsarenaer;

- **SLT-nettverket** - kor Time har eit tett samarbeid med sine nabokommunar. Dette nettverket består per i dag av 16 kommunar, og her møtast representantar frå de ulike kommunane for å diskutera ulike tema. I tillegg vert det oppretta arbeidsgrupper som skal arbeida med ulike prosjekter.
- **Kommunens SLT-arbeidsutval** - I dette utvalet er det mogleg å diskutera både systemmessige og strukturelle utfordringar, i tillegg til enkeltsaker. Men her vert det meldt frå våre respondentar at rutineane for innhenting av samtykke kan verta betre. Fyrst og fremst handlar dette om å tydeleggjera og i større grad undersøka i kva grad det er mogleg å innhenta samtykke frå den det gjeld og/eller føresette. Føremålet må vere å auka bruken av samtykke samanlikna med kva som er tilfelle per i dag.
- **Potitirådet og styringsgruppa for SLT** - I Time kommune sit ordførar, rådmann, kommunalsjefane og SLT-koordinator i både politirådet og styringsgruppa for SLT. Av denne grunn er desse slått saman til eitt møte, som finn stad fire gonger i året⁴.

2.2.4 GJENNOMFØRING AV SYSTEMATISKE SPØRJEUNDERSØKINGAR

I arbeidet med å få kunnskap om barn og unges oppvekstmiljø gjennomfører Time kommune fleire undersøkingar, der dei viktigaste er Ungdata-, Elev- og Olweus-undersøkinga. Sidan undersøkingane er anonyme, vil det ikkje vere mogleg å identifisera enkeltbarn med vanskar, for deretter å setja inn tiltak retta mot desse barna. Resultata frå

⁴ Ordninga med politiråd vart etablerte i Noreg i 2006 og er eit formalisert samarbeid mellom lokalt politi og kommunale styresmakter, der målet er samarbeid om kriminalitetsførebygging og tryggleik i lokalsamfunnet.

undersøkingane mogleggjer fyrst og fremst å setja inn tiltak for heile eller delar av barne- og ungdomspopulasjonen i kommunen, med mål om at tiltaka skal vere til hjelp for dei som treng dei. I dei neste avsnitta vil vi kort presentera nokre resultat frå desse undersøkingane.

2.2.5 VÅR VURDERING

I motsetnad til mange andre kommunar har Time vald å ikkje oppretta nokon oppsø- kande miljøteneste, men kommunen har etablert ei rekke tiltak som skal gje kommunen oversikt over barn og unges oppvekstmiljø i kommunen, og gjennom eit tett samarbeid internt i kommunen og eksterne instansar, meiner kommunen at behovet for kunnskap vert dekkja. Dette er ei vurdering vi kan seie oss einig i.

2.3 UTVALDE RESULTAT FRÅ SYSTEMATISKE SPØRJEUNDERSØKINGAR

2.3.1 UNGDATA-UNDERSØKINGA

Ungdata-undersøkinga vert gjennomført av kompetansesenteret KORUS kvart tredje år, og i Time vart undersøkinga gjennomført i 2010, 2013, 2016 og 2019⁵. Undersøkinga tek føre seg tema som skule, fritid, vener, familie, psykisk helse, bruk av rusmiddel og regelbrot. I vår rapport har vi sett nærare på tal knytt til psykisk helse, bruk av rusmiddel og regelbrot.

Siste undersøking vart gjennomført vinteren 2019 og omfattar elevar på ungdomstrinnet, forutan VG1 og VG2. Til saman 587 ungdomsskuleelevar i Time deltok, noko som gjev ein svarprosent på 89. På vidaregåande deltok 246 elevar (svarprosent 82).

Sidan ein relativt låg del av elevane ved den vidaregåande skulen har heimeadresse i Time kommune, har vi konsentrert oss om ungdomstrinnet. I tillegg har vi henta inn tal frå nabokommunane Gjesdal, Hå, Klepp, Sola, Sandnes, Stavanger og Randaberg, for å kunne gjere samanlikningar.


2.3.2 EINSEMD

I undersøkinga blei elevane spurde om i kva grad de opplev einsemd. Indikatoren er målt gjennom spørsmålet: «Har du i løpet av den siste veka vore plaga av å føla deg einsam?»

⁵ Kompetansesenteret KORUS er eitt av landets totalt sju kompetansesentre, som vert finansiert av Helsedirektoratet.

Figuren nedanfor syner kor mange prosent av ungdommane som svarer «veldig mykje plaga» eller «ganske mykje plaga» av einsemd, i den enkelte kommune og målt opp mot landsnittet;

Figur 8 – Prosentdel einsame. Elevar på ungdomstrinnet (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)



Kommentar og vurdering: Figuren syner prosentdel ungdomsskuleelevar som er veldig mykje/ganske mykje plaga av einsemd. Blant dei kommunane som er tatt med her, ligg Time-elevane lågast. Medan elevane i Time ligg på landssnittet, ligg dei andre over. Som vist i tabellen nedanfor, har det vore ei auke i talet på einsame.

Tabell 1 – Historisk utvikling prosentdel einsame elevar på ungdomstrinnet. (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)

	2010	2013	2016	2019
Time	14	14	15	19
Landet	16	17	18	20

Kommentar og vurdering: Til liks med landssnittet har det vore ei auke i prosentdelen einsame i Time.


2.3.3 PSYKISK HELSE – DEPRESSIVE SYMPTOM

Før vi går vidare og ser på resultatata for indikatoren «depressive symptom», må vi seie noko om korleis dette er målt i undersøkinga. Elevane vart her stilt spørsmål om dei den siste uka har vore plaga med følgjande:

- «Følt at alt er eit slit»,
- «Hatt søvnproblem»,
- «Følt deg ulykkeleg, trist eller deprimert»,
- «Følt håpløyse med tanke på framtida»,

- «Følt deg stiv eller spent»
- «Bekymra deg for mykje om ting».

I Ungdata-undersøkinga blir dette rekna som ulike former for depressive symptom. Ungdommar som fortel at dei er mykje plaga av fleire slike symptom, blir rekna å ha eit «høgt nivå». I neste figur har vi tatt med prosentdelen som i gjennomsnitt svarar at dei er ganske mykje plaga av desse symptoma;



Kommentar og vurdering: Viss ein ser bort i frå Stavanger, ligg alle kommunane over landssnittet. Men skilnaden mellom Time kommune og landssnittet er ikkje stor.

Tabell 2 – Historisk utvikling. Prosentdel med depressive symptom blant ungdomsskuleelevane i Time (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS).

	2010	2013	2016	2019
Time	12	8	8	15
Landet	11	11	12	14

Kommentar og vurdering: For Time sin del kan vi sjå at prosentdelen med depressive symptom igjen har tatt seg opp, etter nokre år med ein låg prosentdel, medan landstala syner ei jamn stigning.


I KORUS sin presentasjon av resultatane på Oppvekstkongressen 2019 vert det peika på at elevar med eit godt sjølvbilette har færre psykiske plager. Sjølvbiletet ser ut til å bli styrka av gode relasjonar, medan prestasjonar ikkje er avgjerande. Gode relasjonar, til dømes til andre elevar, lærarar og føresette, kan sjå ut til å ha mykje å seie for utviklinga av eit positivt sjølvbilette, noko som i neste omgang minskar sjansane for psykiske plager.

2.3.4 RESULTAT KNYTT TIL BRUK AV RUSMIDLER

I presentasjonen av resultatene frå Ungdata-undersøkinga på Ungdomskonferansen 2019 hevdar KORUS å kunne sjå ein samanheng mellom alkoholbruk og hasj. Dei som drikk hyppig, er også dei som prøver hasj. Samtidig ser det ut til å vere ei haldningsendring blant ungdommane, sidan motstanden mot bruk av hasj har gått ned. KORUS meiner å kunna sjå at dagens ungdom opplever hasjbruk som mindre grenseoverskridande og meir «normalt»⁶.


I KORUS sin Nøkkeltalsrapport for Ungdata-undersøkinga i Time kan vi lesa at «bruk av narkotiske stoff er ulovleg og blir til dels sterkt fordømt. Om det å prøva hasj eller marihuana isolert sett er farlegare enn å debutera tidleg med alkohol, er i dag omdiskutert. Det at alkohol er eit legalt og sosialt akseptert rusmiddel, medan hasj og andre narkotiske stoff er forbode, utgjer uansett ein viktig skilnad (..) Unge som bruker illegale rusmiddel, har kryssa ei ekstra grense».

Figur 10 – Prosentdel elevar på ungdomstrinnet som fortel at dei har brukt hasj (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)



Kommentar og vurdering: Figuren syner prosentdel ungdomsskuleelevar som har brukt hasj eller marihuana i løpet det siste året. Medan dei fleste kommunane som er tatt med her ligg over landssnittet, gjeld dette ikkje Time og nabokommunen Klepp, noko som må seiast å vere positivt.

⁶ Kilde: KORUS sin presentasjon av Ungdata-undersøkelsen 2019 på Oppvekstkonferansen 2019.

Figur 11 – Prosentdel elevar på ungdomstrinnet som fortel at dei har vore tydeleg alkoholberusa (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)

Kommentar og vurdering: Prosentdelen i Time som har vore tydeleg rusa minst éin gong siste 12 månader er noko lågare enn landssnittet. Dette må seiast å vere positivt.

Tabell 3 – Historisk utvikling blant elevane på ungdomstrinnet i Time (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)

	2010	2013	2016	2019
Brukt hasj	2	2	2	3
Tydeleg berusa	18	11	8	14

Kommentar og vurdering: Dersom vi tek ein nærmare titt på dei historiske tala, kan vi sjå at hasjbruken er tilnærma uendra i Time, medan alkoholbruken har gått noko opp sidan førre undersøking.

Tabell 4 – Historisk utvikling blant elevane på ungdomstrinnet, tal for heile landet (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)

	2010	2013	2016	2019
Brukt hasj	4	4	3	3
Tydeleg berusa	16	16	14	12


Kommentar og vurdering: På landsbasis synast bruken av hasj og alkohol å ha gått noko ned blant ungdomsskule-elevane.

2.3.5 RESULTAT KNYTT TIL REGELBROT

I Ungdata sin Nøkkeltalsrapport frå 2019 heiter det at «dagens ungdom er generelt ikkje spesielt opptatt av å bryta reglar. Sidan 2015 har det likevel vore ein auke i delen som gjer regelbrot, særleg blant gutane». Verd å nemna er at «regelbrot» i undersøkinga ikkje er det same som kriminelle handlingar, men at det til dømes kan dreia seg om å ta bussen

utan å betala, og figuren nedanfor syner prosentdel ungdomsskuleelevar med seks eller fleire regelbrot i løpet av det siste året. Ved å sjå nærare på dei lokale resultatata, fordelt på Time og eit knippe nabokommunar, får vi følgjande figur:

Figur 12 – Regelbrot blant elevane på ungdomsskulen (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)



Kommentar og vurdering: Vi ser at alle kommunar som er tatt med her kjem betre ut enn landssnittet, noko som må seiast å vere positivt.

Tabell 5 – Historisk utvikling. Prosentdel ungdomsskuleelevar i Time med seks eller fleire regelbrot det siste året (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)


	2010	2013	2016	2019
Regelbrot	7	4	4	7

Kommentar og vurdering: Prosentdel ungdomsskuleelevar med seks eller fleire regelbrot siste 12 månader er no tilbake på nivået i 2010-undersøkinga. På denne indikatoren finns ikkje tal for heile landet.

2.3.6 RESULTAT KNYTT TIL BRUK AV VALD

Når det gjeld bruk av vald, seier nøkkeltalsrapporten til Ungdata-undersøkinga følgjande om dei nasjonale tala: «Valdsbruken som blir rapportert gjennom Ungdata har gått svakt ned sidan målingane starta på byrjinga av 2010-talet. Dette gjeld både truslar om vald og den valden som har enda med sår eller skade. Dei nyaste tala tyder på ein viss auke blant gutar på ungdomstrinnet».

Når det gjeld tal for Time og nabokommunane, vert desse presentert i neste figur;

Figur 13 – Vald blant elevane på ungdomstrinnet (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)

Kommentar og vurdering: Òg når det gjelder valdsbruk kjem elevane på ungdomstrinnet i Time godt ut, samanlikna med landssnitt og dei kommunane som er tatt med her. Dette er prosentdel som minst éin gong siste 12 månader har utøvd vald eller blitt utsett for truslar om vald.

Tabell 6 – Historisk utvikling. Vald blant elevane på ungdomstrinnet i Time (Kjelde: Ungdata-undersøkinga/KORUS)

	2010	2013	2016	2019
Vald	13	9	5	7

Kommentar og vurdering: Valdsbruken har gått noko ned i Time. Her finns ikkje tal for heile landet.

2.3.7 RESULTAT FRÅ ELEVUNDERSØKINGA

Sjølv om Elevundersøkinga berre er obligatorisk på 7. og 10. trinn, har Time kommune vald å gjennomføra elevundersøkinga på både 6., 7., 8., 9. og 10. trinn. I denne undersøkinga finn vi tema som;


- Trivsel
- Motivasjon, arbeidstilhøve og læring
- Heim-skole-samarbeid
- Støtte frå lærar
- Vurdering for læring
- Medverknad
- Reglar på skulen
- Trygt miljø
- Rådgeving

- Fysisk læringsmiljø⁷

I dette prosjektet har vi sett nærare på resultat knytt til spørsmål om mobbing på 8.-10. trinn (ungdomstrinnet), og i denne undersøkinga vert mobbing definert slik: «Med mobbing meiner vi gjentekne negative handlingar frå ein eller fleire saman, mot ein elev som kan ha vanskeleg for å forsvare seg. Mobbing kan vere å kalle ein annan stygge ting og erte, halde ein annan utanfor, baksnakka eller slå, dytte eller halde fast».


Figuren nedanfor syner prosentdelen elevar som har blitt mobba 2-3 gonger i månaden eller meir, tre siste skuleår, samanlikna med snittet i Rogaland og landet.

Figur 14 – Prosentdel på 7. trinn som svarar at dei har blitt mobba 2-3 gonger i månaden eller meir (Spørsmål 3. Kjelde: Skoleporten)



Kommentar og vurdering: Samanlikna med førre år, kjem Time siste skoleår noko dårlegare ut på 7. trinn.

⁷ Dette siste temaet er berre obligatorisk kvart fjerde år.

Figur 15 – Prosentdel på 10. trinn som svarer at dei har blitt mobba 2-3 gonger i månaden eller meir siste 12 månader (Kjelde: Skoleporten)

Kommentar og vurdering: Samanlikna med Rogalands- og landssnittet kjem Time relativt godt ut.

2.3.8 RESULTAT FRÅ OLWEUS-UNDERSØKINGA


Olweus er eit anti-mobbeprogram utvikla av professor ved universitetet i Bergen, Dan Olweus. Sidan 2005 har ungdomsskulane i Time vore ein del av dette programmet, som blant anna inneber gjennomføring av ei årleg undersøking om trivsel, venskap og mobbing. Undersøkinga gjev kunnskap om korleis mobbinga går føre seg, kor mobbinga skjer osv.

I denne undersøkinga er det tale om mobbing når ein annan elev eller fleire andre elevar:

- seier vonde og ubehagelege ting til ho eller han, gjer narr av ho/han eller brukar stygge og sårande kallenamn
- overser ho/han heilt eller stengjer ho/han ute frå veneflokken
- slår, sparkar, drar i håret, skubbar, dytter eller stengjer ho/han inne
- fortel løgner eller spreier falske rykte om ho/han eller sender ubehagelege meldingar og prøver å få dei andre elevane til å mislike ho/han og liknande ubehagelege ting.

Tabellen nedanfor syner prosentdelen elevar 8.-10. trinn som har blitt mobba 2-3 gonger i månaden eller meir, tre siste skuleår, samanlikna med snittet i Rogaland og landet. Prosenten kjem av elevar som svarer ein av desse på spørsmål 3 i undersøkinga:

- to eller tre gonger i månaden
- omtrent ein gong i veka
- fleire gonger i veka

Figur 16 – Prosentdel som svarar at dei har blitt mobba (Kjelde: Olweus-undersøkinga/ Time kommune)

Kommentar og vurdering: både Bryne og Lye har hatt ein nedgang i talet på elevar som har opplevd mobbing, samanlikna med dei fyrste åra som er tatt med her. Etter nokre år med ein låg prosentdel på Frøyland, gjekk prosentandelen diverre noko opp ved den siste undersøkinga. Samla sett visar tala inga urovekkande utoikling, etter vår oppfatning.

2.3.9 VÅR VURDERING

Samla sett kan vi sjå ut frå desse utvalde resultatane frå desse tre spørjeundersøkingane at Time kjem godt ut samanlikna med nabokommunane og landsnittet, både når det gjeld rusbruk, vald, mobbing, og psykisk helse. Verdt å merke seg er likevel den relativt store auka i prosentdelen unge som opplev einsemd og depressive symptom.

2.4 SKULANES ARBEID OVERFOR RISIKOUTSETTE ELEVAR

2.4.1 REVISJONSKRITERIER

I høve til opplæringslova 9a skal skulane driva eit aktivt og systematisk arbeid for å fremja eit godt psykososialt miljø, der den einskilde elev kan oppleva tryggleik og sosialt tilhøyrslse. Dette inneber mellom anna at skulane skal driva førebygging av mobbing, diskriminering, vald og rasisme.

Ut frå desse føringane har vi utleia følgjande revisjonskriterium (krav eller forventningar til arbeidet i kommunen):

- Grunnskulane i Time skal arbeida aktivt for å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø.

2.4.2 PRAKSIS VED UNGDOMSSKULANE I TIME

I prosjektet har vi intervjuet rektor og sosialrådgivarar på Bryne, Frøyland og Lye ungdomsskule. I arbeidet med å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø inngår ei rekke tiltak og vi skal her nemne nokre av dei.

Kvar skule har sitt eige ressursteam, kor både sosiallærer, rektor, helsesjukepleiar, PP-tenesta og barnevernet møtast. Her vert utfordringar knytt til enkeltelevar diskutert, som til dømes skulevegving, åtferds- eller faglege vanskar, forutan utfordringar knytt til klasse miljøet eller skulen.

Alle skulane er opptekne av å involvera føresette på eit tidleg tidspunkt i prosessen. Skulane ber alltid om samtykke frå føresette som vert invitert til å delta på tverrfaglege møter. Skulle dei velgje å takka nei, vil det vere mogleg å diskutere sakene anonymt.

Frå 01.08.2018 har skulane etter opplæringslova § 9a ein plikt til å iverksetta tiltak dersom ein elev melder frå om mobbing/krenking. Her er det eleven si eiga subjektive oppfatning som skal leggast til grunn. Loven gjev skulen ein frist på ei veke til å utforma tiltak som samlast i ein aktivitetsplan. Skulane fortel at dei utarbeidar planar både for den som vert utsett for mobbing og for den eller dei som mobbar. I tillegg vert det utarbeidd aktivitetsplanar for elevar med uønska åtferd som forringar skulemiljøet.

Planane syner kva skulen gjer, og tiltaka verdt diskutert saman med føresette. Dersom føresette eller eleven ikkje er nøgd med arbeidet som vert gjort, kan dei kontakta Fylkesmannen som er klageinstans i desse sakene. Alle ungdomsskulane vi har vore i kontakt med opplever at denne lovendringa har vore nyttig.

For å hindra urovekkande høgt skulefråvær, har Time kommune utarbeidd ein eigen handlingsplan. Føremålet er å gjera både skule og involverte partar tryggare på korleis ein kan hjelpe i slike saker. Planen tek føre seg kva som skal definerast som urovekkande skulefråvær, kva rutinar som skal fylgjast og kva skjema som kan brukast.

I høve til kommunen sin Strategiplan for oppvekst 2016-22 har skulane fått styrka helse- og soster tenesta. Gjennom tilskotsmidler er tilgangen betra, og undervisningsopplegg om psykisk helse, pubertet, seksuell helse, krenkingar og vald blir no tilbode på alle skulane⁸.

⁸ Bryne og Frøyland ungdomsskule er med i eit innovasjonsprosjekt kalla «Laget rundt læraren og eleven» som starta opp i 2017 som ei forlenging av innovasjonsprosjektet «Samhandling for auka gjennomføring i vidaregåande skule». Prosjektet går over to til tre år og skal testa ut effekten av at helsesøster er meir til stades på skulane og oppretting av eit nytt team bestående av sosiallærer, helsesyster, spesialpedagog og rektor.

Skulane har innført tiltak for auka aktivitet og samhandling i friminutta. Forutan å utpeika «aktivitetsansvarlege» som skal sørge for aktivitetar, held skulen idrettshallen open delar av skuledagen. Dette er aktivitetstiltak som skal hindra at elevane blir sitande passive med mobiltelefonane sine i friminutta. Ingen av dei tre ungdomsskulane har innført noko forbod mot å ta med seg mobiltelefonen til skulen, men har innført ein hovudregel som seier at elevane ikkje skal ta fram mobiltelefonen i skuletimen.

Skulane opplyser at dei har ein fast kontaktperson i politiet som kan kontaktast ved behov. Å involvera politiet kan ha ein preventiv effekt blant elevane, spesielt når det gjeld å hindra valdshendingar og rusbruk. Ein fast kontaktperson gjer samarbeidet enklare, og bidrar til å skapa eit godt og trygt læringsmiljø. Politiet gjennomfører òg bekymrings-samtalar med enkeltelevar ved behov, som regel knytt til begynnande rusbruk, og deltar jamleg i oppvekstteamet til skulane. Begge instansar seier seg nøgde med samarbeidet.

Skulane seier seg òg nøgde med PP-tenesta, som kan gi råd og rettleiing utan krav om tilvising i saker knytt til elevar med åtferds- eller rusproblematikk. Her er PP-tenesta sentral i arbeidet med å leggja til rette for undervisning innanfor ramma av tilpassa opplæring.

2.4.3 VÅR VURDERING

Skulane har fleire gode tiltak som skal vere med å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø. Respondentane vi har intervjuja melder om eit godt samarbeid internt i kommunen, og eg svært nøgde med kommunens val om å delta i Olweus-programmet, eit program som sikrar både gode rutinar og kunnskapar om barn og unge sitt lærings- og oppvekstmiljø. Dette må seiest å vere positivt.

2.5 SÆRSKILT OM BARNEVERN ET OG FAMILIESENTERET

2.5.1 REVISJONSKRITERIAR


Barnevernlova § 1-5 gjev barnet rett til nødvendige barneverntiltak etter lova når vilkåra for tiltak er oppfylte. Etter barnevernlova § 3-1 har barnevernet eit spesielt ansvar for å avdekka omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem tidleg, og setja inn tiltak. Ut frå desse avgjerslene har vi utleia følgjande revisjonskriterium (det vil seia krav eller forventningar til kommunen sitt arbeid):

- Kommunen skal setja i verk naudsynte barneverntiltak.

2.5.2 PRAKSIS I TIME

I Time ligg talet på bekymringsmeldingar til barneverntenesta, per innbyggjar 0-17 år, på omlag same nivå som i andre kommunar;

Figur 17 – Prosentdel barn med melding til barnevernet i høve til talet på innbyggjarar 0-17 år. Tal for 2018 (Kjelde: KOSTRA)



Kommentar: Time ligg om lag på landsnittet. Blant dei kommunane som er tatt med her, er det Sola og Sandnes kommune som har den lågaste prosentdelen.

Vi har bedt barneverntenesta om ei oversikt over bekymringsmeldingane, sortert etter hovudårsak til at meldinga vart sendt. Blant dei ulike kategoriane, er det særleg desse tre årsakene som kan vere interessante å sjå nærare på i dette prosjektet;

- Barnets åtferd/kriminalitet
- Barnets rusmisbruk
- Barnets psykiske problem

Av tabellen nedanfor kan vi sjå at talet på meldingar kor psykiske vanskar eller rusmisbruk har vore hovudårsak, har auka, medan barnets åtferd/kriminalitet har halde seg meir stabilt;

Tabell 7 – Talet på bekymringsmeldingar til barnevernet i Time, etter hovudårsak til at meldinga vart sendt. Tal for 2019 er per 01.09.2019.**(Kjelde: Barnevernet i Time kommune. Statistikken er ein del av rapporteringa til SSB/KOSTRA og Fylkesmannen).**

	2015	2016	2017	2018	2019	Totalt
Foreldras manglande foreldreferdigheiter	39	109	102	91	66	407
Foreldras rusmisbruk	49	72	51	55	39	266
Høg grad av konflikt i heimen	50	63	58	40	35	246
Vald i heimen/ vitne til vald i nære relasjonar	46	54	47	32	57	236
Foreldras psykiske problem/liding	35	27	41	28	20	151
Barnet utsett for fysisk mishandling	27	22	23	28	41	141
Andre forhold ved barnets situasjon	62	6	16	22	24	130
Barnets åtferd / kriminalitet	25	27	22	26	21	121
Andre forhold ved foreldra/ familien	75	4	20	9	4	112
Barnet utsett for vanskjøtsel	28	9	36	15	9	97
Barnet utsett for psykisk mishandling	8	10	8	29	12	67
Barnets rusmisbruk	4	6	19	19	7	55
Barnets psykiske problem/ liding	8	11	15	11	9	54
Barnets relasjonsvanskar	1	8	1	8	16	34
Barnet utsett for seksuelle overgrep	2	12	7	10	1	32
Foreldras kriminalitet	-	4	3	1	10	18
Foreldras somatiske sjukdom	-	-	-	5	1	6
Barnet har nedsett funksjonsevne	1	-	2	2	-	5
Barnet manglar omsorgsperson	-	1	1	-	-	2

Kommentar og vurdering: Meldingane i tabellen er sortert ut frå totaltalet i tidsperioden. Barnets psykiske problem» og «barnets rusmisbruk» er årsaker som kjem noko lengre ned på lista, men vi ser ei auke i talet i løpet av perioden. Samstundes kan vi sjå at «Barnets åtferd/kriminalitet» som hovudårsak har halde seg stabilt.

Når vi skal tolke desse tala, er det viktig å vere klar over følgjande:

- Tal for 2019 er per 01.09.2019.
- Politiet er truleg hovudleverandør av bekymringsmeldingar som handlar om rus/kriminalitet til barnevernet. Politiets prioriteringar vil kunne påverke tala.
- Få barn gjev store utslag.
- For kvart barn som er meldt, kan barneverntenesta huka av opptil fire kategoriar som hovudårsak. Korleis barneverntenesta vel å registrera meldingane vil difor spela ei rolle.
- Dette er kva som er opplyst av den som har sendt meldinga. Med andre ord er det tale om melder si oppfatning, kombinert med barneverntenesta si tolking av kva melder har skreve i meldinga. For å kunne huka av i kategorien «barnets psykiske problem» er det til dømes tilstrekkeleg at meldinga inneheld opplysningar om at barnet følar seg trist eller lei. Vidare er det slik at «Barnets åtferd/kriminalitet» ikkje treng bety at barnet har gjort noko ulovleg, men at barnet har ein negativ åtferd, som til dømes skulking frå skulen.

2.5.3 FRÅ MELDING TIL TILTAK

Når barnevernet tek imot ei bekymringsmelding, vil barnevernet vurdere om det er grunnlag for følgjande alternativ:

- Gjennomføra undersøkingar
- Bruke opplysningane som informasjon i ei eksisterande sak
- Leggja bort saka


Det vil vere grunnlag for å starte ei undersøking/kartlegging dersom ein har mistanke om:

- Alvorleg omsorgssvikt eller behov for hjelpetiltak
- Bekymring med omsyn til alvorlege åtferdsvanskar hos barna

Men barnevernet har ein lågare terskel for å starta ei undersøkingar enn kva som kjem fram av desse kulepunktene. I barnevernlova § 4-3 heiter det at «dersom det er rimelig grunn til å anta at det foreligger forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter dette kapitlet, skal barneverntjenesten snarest undersøke forholdet». Skal barnevernet lykkast med å fanga opp problem så tidleg som mogleg, må terskelen for å starta ei undersøking vere låg.


I KOSTRA/SSB finn vi tal på prosentdel barn med undersøking i høve til heile barnepopulasjonen i kvar kommune;

Figur 18 – Prosentdel barn med undersøking i høve til innbyggjarar 0-17 år. Tal for 2018 (Kjelde: KOSTRA)



Kommentar og vurdering: Prosentdel barn med undersøking i høve til innbyggjarar 0-17 år ligg noko lågt, samanlikna med snittet til landet og nabokommunane som er tatt med her. Som vi kan sjå, er det berre Sola som ligg lågare av dei kommunane som er med her. I neste figur har vi tatt med prosentdel med barneverntiltak i høve til heile barnepopulasjonen i kvar kommune;

Figur 19 – Prosentdel barn med tiltak i høve til innbyggjarar 0-17 år. Tal for 2018
(Kjelde: KOSTRA)



Kommentar og vurdering: Prosentandelen barn med barneverntiltak i Time er noko lågare enn landsnittet.

Det desse tala seier oss, er at terskelen for å sette inn tiltak frå barnevernet er noko høgare enn i mange andre kommunar. Ei nærliggjande forklaring kan vere lågterskeltilbodet Familiesenteret - eit tilbod mange andre kommunar ikkje har. Barneverntenesta i Time fortel at de samarbeider tett med dette senteret, og at dei har få «lette saker» fordi disse vert følgt opp av Familiesenteret eller andre instansar.

2.5.4 BARNEVERNET NYTTAR ÒG AKUTTVEDTAK

I nokre tilfelle hastar det med å treffa vedtak, og barnevernlova opnar for at barneverntenesta kan treffa mellombelse vedtak i akuttsituasjonar. Ein slik heimel finn vi i barnevernlova § 4-25, 2. ledd, som gjev tilgang til å plassera barn med alvorlege åtferdsproblem utanfor heimen for ein kortare periode. Loven gjev det òg mogleg å tvangsplassera og halde tilbake på institusjon. Føremålet skal vere omsorg og behandling, forutan observasjon og undersøking, av omsyn til barnets beste.

Terskelen for å nytta eit slikt vedtak er høg, då vilkåra for akuttvedtak etter barnevernlova er strengare enn vilkåra for omsorgsovertaking. Barnevernet fortel at dei prøver å hindra hasteflyttingar, ved å leggja til rette for at vedkommande mellombels kan bu til dømes hos ein onkel eller tante.

Av tabellen nedanfor kan vi sjå at barnevernet i Time har nytta denne typen tiltak, men at omfanget ikkje er stort:

Tabell 8 – Talet på akuttvedtak /hasteflyttinger etter § 4-25 i barnevernet i Time. Tala for 2019 er per 01.09.2019. (Kilde: Barnevernet i Time kommune).

	2015	2016	2017	2018	2019	Totalt i tids-perioden
Antall vedtak	0	1	2	1	0	4
Antall barn	0	1	2	1	0	4


Kommentar og vurdering: Som tabellen syner, har barnevernet i Time hatt nokon «hasteflyttingar» dei seinare åra. Men merk at små tall kan gje store variasjonar, og at det kan vere tale om éin familie med fleire barn. Dette er berre saker kor utfordringane kan relaterast til barnet. Hasteflyttingar som kan relaterast til utfordringar hos foreldra er ikkje tatt med her.

2.5.5 FAMILIESENTERET

Familiesenteret tilbyr støtte og rettleiing i foreldrerolla, og tilbodet er retta mot familiar med barn i alderen 0-18 år. Familiesenteret vil i sitt arbeid alltid forsøka å sjå det store biletet - korleis er det med fråvær frå skulen, tilhøva i heimen og tilhøva til foreldra? Er det tale om ungdommar som er mykje saman i ein gjeng, freistar kommunen å få stand ei foreldregruppe, kor ein kan snakka om til dømes grensesetting og aktuelle tiltak.

Senteret har òg ein 30 prosent stilling øymerka barn under 18 år som er under påtale med vilkår (merka Ungdomskontrakt-saker i figuren nedanfor). Kommunen sin representant sørger for at vilkåra vert følgde opp, som til dømes gjennomføring av samtalar og urinprøvetaking, i saker kor rus er ein del av biletet.

Tabell 8 – Tal på saker hos Familiesenteret fordelt på ulike kategoriar (*Tala for 2019 er avgrensa til årets to fyrste tertial. Kjelde: Time kommune).



Kommentar: Dette er talet på unike saker (der ein sak = eit barn) og syner kva foreldra sjølve fortel som grunn for at dei har teke kontakt med Familiesenteret. Tala er sortert ut frå det totale talet i tidsrommet 2016 til og med andre tertial 2019. Sorteringa syner at det er flest saker knytt til samspelvanskar mellom føresette og barn eller mellom barn og skule, barnehage etc. Derneft følgjer vanskar knytt til barnet si atferd. Frå Familiesenteret får vi opplyst at blant senteret sine saker, finn vi ein høg prosentdel saker kor foreldra har gått frå kvarandre.

2.5.6 VÅR VURDERING

Det er nærliggande å tru at kommunens val om å oppretta eit lågterskeltilbod som Familiesenteret reduserer talet på barn med tiltak frå barnevernet, og at lågterskeltilbodet «avlastar» barnevernet, samanlikna med andre kommunar utan tilsvarende tenestetilbod.

Oversikten over hovudårsakene til bekymringsmeldingane syner ei auke i talet på meldingar knytt til barnet si psykiske helse og rusmisbruk. Dette er ei utvikling som stiller krav til kompetanse innanfor områder som psykisk helse og rusproblematikk, ikkje berre for barnevernet, men og for andre instansar i kommunen sitt tenesteapparat.

2.6 OPPRETNING AV ANSVARSGRUPPER OG UTPEIKING AV KOORDINATOR

2.6.1 REVISJONSKRITERIER

I Kommuneplan 2015-27 finn vi ulike fokusområde, mellom anna å sikra ein god oppvekst for alle. Her heiter det at «eit koordinert og fleksibelt samarbeid mellom tenestene til kommunen, familien til barnet og andre, er avgjerande for å kunna gi eit godt heilskapleg tilbod. Dei ulike arenaene der barn og unge ferdast må sjåast i samanheng».

Ut frå desse føringane har vi utleia følgjande revisjonskriterium (krav eller forventningar til kommunens arbeid):

- Kommunen skal arbeida for å sikra koordinerte tenester.

2.6.2 OPPRETNING AV ANSVARSGRUPPER OG UTPEIKING AV STAFETTHALDAR/KOORDINATOR

Dei representantane for kommunen sitt tenesteapparat vi har intervjuet seier seg nøgde med kommunen si praksis for oppretting av ansvarsgrupper og utpeiking av koordinator.

For å sikra koordinerte og heilskaplege tenester, vil Time kommune frå hausten 2020 organisera sitt arbeid i tråd med BTI-modellen. Denne modellen legg vekt på tidleg innsats, samordna tenester og foreldreinvolvering. Modellen skildrar samhandlinga på fire ulike nivå, der oppretting av ei ansvarsgruppe vil vere naudsynt på nivå 3. Kva nivå ein skal velje, må vurderast i kvart enkelt tilfelle ut frå omfanget av vanskar og talet på involverte partar:

- Nivå 0 inneber samtalar mellom dei næraste (lærer, føresette etc.)
- Nivå 1 inneber samtalar der barnet òg er med.
- Nivå 2 inneber at vanskar og moglege løysingar vert utforma i eit tverrfagleg samarbeid mellom ulike kommunale tenester, i tillegg til føresette og barnet.
- Nivå 3 inneber at samarbeidet vert utvida til også å omfatta tilviste instansar. På dette nivået skal det opprettast ei ansvarsgruppe, og ein koordinator eller «stafetthaldar» som det heiter i BTI-modellen, vert peika ut. Stafetthaldaren skal ha ansvaret for å koordinera samhandlinga.

Kven som skal ta initiativ til å peika ut ein stafetthaldar vil variera. Er det tale om særskilte lærevanskar, er det naturleg å tenkje seg at skulen vil vere stafetthaldar. For barn

som har individuell plan, vil det gjerne helse og omsorgstenesta som tek på seg oppgåva. Er barnevernet inne i bildet, vil det vere dei som får oppgåva. Stafetthaldar skal:

- Koordinera innsatsen
- Kalla inn til tverrfaglege møter
- Føreslå innhaldet i møta
- Kalla inn til møter om særskilte situasjonar oppstår
- Leia møta
- Introdusera nye samarbeidspartnarar
- Involvera brukarane
- Vere kontaktperson
- Føra logg
- Dersom barnet/ungdommen har rett på individuell plan skal loggen avsluttast og, om brukar ynskjer det, utpeikast ein koordinator som tek over arbeidet.

BTI-modellen krev at det skal førast ei elektronisk loggbok med informasjon om hjelpetiltak som er sett i verk og kven som er med. Loggen skal gje ei oversikt over:

- Avtalar som er inngått
- Offentlege tenester som er involvert i hjelpetiltaka, og kva oppgåver dei har
- Fagpersonar som er involvert i hjelpetiltaka og kva oppgåver dei har

Føremålet med loggboka er å gjera informasjonen lettare tilgjengeleg og sikra overgangane mellom ulike nivå.

2.6.3 VÅR VURDERING

Kommunen har utarbeida klare retningslinjer for oppretting av ansvarsgrupper og utpeiking av koordinator. Dette må seiast å vere positivt.

VEDLEGG

Om forvaltningsrevisjon

I kommunelovens [§ 77.4](#) pålegges kontrollutvalgene i fylkeskommunene og kommunene å påse at det gjennomføres forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon innebærer systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets vedtak og forutsetninger. Lovens bestemmelser er nærmere utdypet i revisjonsforskriftens [kapittel 3](#) og kontrollutvalgsforskriftens [kapittel 5](#).

Revisjon i norsk offentlig sektor omfatter både regnskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon, i motsetning til i privat sektor hvor kun regnskapsrevisjon (finansiell-) er obligatorisk.

Rogaland Revisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon på oppdrag fra kontrollutvalget i kommunen. Arbeidet er gjennomført i henhold til [NKRF](#) sin standard for forvaltningsrevisjon, [RSK 001](#). Les mer på www.rogaland-revisjon.no.

Denne rapporten er utarbeidd av forvaltningsrevisor Frode K. Gøthesen, og gjennomgått av forvaltningsrevisor Ståle Opedal.

Metode og revisjonskriterier

I prosjektet har vi kombinert fleire metodar, som intervju og statistisk analyse. Metodisk er også samanlikningar (mot seg sjølve over tid og mot andre kommunar) gjennomført.

I samband med prosjektet har vi intervjuar rektor og sosialrådgivar ved Bryne, Frøyland og Lye ungdomsskule. Forutan Undheim skule, som har elevar frå 1.-10. trinn, er dette ungdomsskulane i Time kommune.

I denne rapporten har vi valt å gå nærare inn på tal frå Ungdata-undersøkinga. Siste undersøking er frå 2019. Time kommune gjennomførte óg Ungdata-undersøkinga i 2010, 2013 og 2016.

Muntlege kjelder:

- Rådmann Trygve Apeland
- Kommunalsjef Oppvekst, Eskil Nygård
- Barne- og familiesjef, Jone Skjelbred
- Leiar av barneverntenesta, Reidun Hjelmervik
- Leiar for Familiesenteret, Gunn Matson
- Rådgiver ved Familiesenteret, Tine Salte Rosland
- Rektor ved Bryne ungdomsskule, Elsa Djuve Jerstad
- Sosiallærer ved Bryne ungdomsskule, Silje Elisabeth Taksdal
- Rektor ved Lye ungdomsskule, Sigurd Ravndal
- Sosiallærer og spes. ped. Lye ungdomsskule, Møyfrid Stokka
- Rektor ved Frøyland ungdomsskule, Siri Svanøe Endresen
- Sosiallærer ved Frøyland ungdomsskule, Karl Inge Aksnes
- Politioverbetjent, forebyggende avsnitt, Sør-Vest politidistrikt, Eldfrid Vestbø
- Politioverbetjent, Sør-Vest politidistrikt, Strategisk analyse, Anette Frøyland

Skriftleg dokumentasjon

- Årsrapport for Time kommune 2018
- Handlings- og økonomiplan Time kommune 2019-22

- Kommuneplan Time kommune (2015-27)
- Strategiplan for oppvekst (2016-22)
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Time (2012-15)
- Handlingsplan mot vold i nære relasjoner (2018-22)

Utleiing av revisjonskriteriar

Mandatet for prosjektet inneheld både deskriptive og normative problemstillingar. Eit døme på ein deskriptiv problemstilling er «Korleis arbeider kommunen for å danna seg eit bilete av situasjonen blant barn og unge?» Her er hensikten å beskriva korleis kommunen arbeider, og i mindre grad vurdera dette arbeidet mot kriterium utleia av autoritative kjelder. «Korleis fungerer dagens tenester/tiltak til risikoutsette barn og unge» er eit døme på ein normativ problemstilling, der tenestetilbodet til kommunen vert vurdert opp mot lovkrav og kommunale styringsdokument.

Revisjonskriterier er krav eller forventningar som vert brukt til å vurdera funn i undersøkingane. Revisjonskriteria skal vere grunngjeve i, eller utleia av, autoritative kjelder innanfor det reviderte området, t.d. lovverk og politiske vedtak. I dette prosjektet er følgjande kriteriegrunnlag nytta:

Nasjonale føringar:

- Barnevernloven
- Opplæringslova

Kommunale føringar:

- Kommuneplan for Time kommune (2015-27)
- Time kommunes Strategiplan for oppvekst 2016-22

I **Kommuneplan (2015-27)** vert det slått fast at «det er viktig å prioritera tidleg innsats i barnehage, skule og fritid overfor barn og unge som er i ferd med å falla på sida av samfunnet (..) Kommunen ønskjer å ha pedagogisk kompetanse i barnehage og skule, gode system og rutinar for å identifisera behov, og tverrfagleg samarbeid». Vidare kan vi lese at kommunen skal:

- Ha kompetanse og tiltak for å ivareta barn og unge som står i fare for å utvikla helseskadar og sosiale vanskar.
- Bruka tilgjengeleg statistikk og forskning som kunnskapsgrunnlag for prioriteringar og tiltak.
- Arbeida systematisk for å sikra barn og unge god fysisk og psykisk helse.

I høve til **Strategiplan for oppvekst 2016-22** ynskjer kommunen å arbeida systematisk ut frå kunnskap og forskning innan alle fagområde.

Ut frå desse føringane har vi utleia følgjande revisjonskriterium (krav eller forventning til arbeidet til kommunen):

- Kommunen skal arbeida aktivt for å danna seg eit bilete av situasjonen blant barn og unge i Time.

I høve til opplæringslova 9a skal skulane driva eit aktivt og systematisk arbeid for å fremja eit godt psykososialt miljø, der den einskilde elev kan oppleva tryggleik og sosialt tilhøyrslse. Dette

inneber mellom anna at skulane skal driva førebygging av mobbing, diskriminering, vald og rasisme. Ut frå desse føringane har vi utleia følgjande revisjonskriterium (krav eller forventningar til arbeidet i kommunen):

- Grunnskulane i Time skal arbeida aktivt for å sikra elevane eit trygt og godt skulemiljø.

Barnevernlova § 1-5 gjev barnet rett til nødvendige barneverntiltak etter lova når vilkåra for tiltak er oppfylte. Og etter barnevernlova § 3-1 har barnevernet eit spesielt ansvar for å avdekka omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem tidleg, og setja inn tiltak. Ut frå desse lovkrava har vi utleia følgjande revisjonskriterium (det vil seia krav eller forventningar til kommunens arbeid):

- Kommunen skal setja i verk naudsynte barneverntiltak.


I **Kommuneplan 2015-27** finn vi ulike fokusområde, mellom anna å sikra ein god oppvekst for alle. Her heiter det at «eit koordinert og fleksibelt samarbeid mellom tenestene til kommunen, familien til barnet og andre, er avgjerande for å kunna gi eit godt heilskapleg tilbod. Dei ulike arenaene der barn og unge ferdast må sjåast i samanheng». Ut frå desse føringane har vi utleia følgjande revisjonskriterium (krav eller forventningar til kommunens arbeid):

- Kommunen skal arbeida for å sikra koordinerte tenester.

Utfyllende informasjon lagt i rapportens vedleggsdel

Døme på aktuelle straffesaksjonar:

- Betinga dom på særvilkår og erstatningsutbetaling
- Avgjersle ved megling i konfliktråd
- Betinga dom på særvilkår og bot
- Dom på samfunnsstraff
- Dom på samfunnsstraff og inndragning
- Betinga dom i form av domsutsetjing
- Ungdomsstraff
- Gjennomført konfliktråd med ungdomsoppfølging
- Vedtatt forelegg på bot
- Påtaleunnlating med prøvetid og særvilkår
- Påtaleunnlating utan vilkår
- Prosessøkonomisk påtaleunnlating
- Påtaleunnlating med prøvetid
- Ubetinga dom
- Betinga dom
- Dels ubetinga, dels betinga
- Dom på bot
- Betinga dom og bot
- Betinga dom på særvilkår



PP-tenestens oppgåver og mandat

Som rådgjevande og sakkyndig instans vurderar PP-tenesta behovet for hjelp og støtte i barnehage og skule, og mandatet til tenesta følger av barnehagelova og opplæringslova. Tilsette i barnehagar og skular kan be PP-tenesta om rettleiing med omsyn til enkeltsaker, grupper eller klassar. Dei tilsette kan ha behov for hjelp til å finna løysingar, og drøftingane kan gå føre seg anonymt. Drøftingar i til dømes ressursteamet på skulen eller per telefon, kan resultera i at skulen vert oppfordra til å senda ei tilvising til PP-tenesta.

Ved behov for særskilt tilrettelegging, er fyrste steg at skulen sender ei tilvising til PP-tenesta. PP-tenesta kartleggjer og prøvar ut tiltak i samråd med skulen. Etter dette utarbeidar PP-tenesta ei sakkyndig vurdering som dannar grunnlag for vedtak om spesialundervisning, som vert fatta av rektor.



Rogaland Revisjon IKS

Lagårdsveien 78
4010 Stavanger

Tlf 40 00 52 00
Faks 51 84 47 99

www.rogaland-revisjon.no